

ORDNING FOR GUDSTENESTER I KONFIRMASJONSTIDA

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar som høyrer til i kyrkjelyden

Når konfirmasjonstida tek til, blir konfirmantane i kyrkjelyden presenterte i ei gudsteneste.

Ein legg presentasjonen av konfirmantane anten til del I Samling eller til ledd 18 Forbøn i gudstenesta.

Presentasjonen kan knytast til lystenning eller andre enkle symbolhandlingar, til dømes når ein seier fram namna til konfirmantane.

Dersom det ikkje er dåp i gudstenesta, kan det vera eit eige ledd: *Påminning om dåpen*. Her kan ein nytta innleiingsorda frå alternativ A i *Påminning om dåpen* i konfirmasjonsgudstenesta.

Forbøn kan ein henta frå ferdigskrivne forbøner i Ordning for hovudgudsteneste 2019, *alternativ 3 eller 4*.

Følgjande bøn kan ein nytta som *Bøn for konfirmantane*, under del 18 Forbøn.

Liturg eller medliturg leier denne bøna. Kyrkjelyden kan lesa eller syngja bønensvara i samsvar ned det som er vedteke i den lokale grunnordninga.

L/ML Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Allmektige Gud, du held himmel og jord i dine hender.

Vi bed for jorda du har gjeve oss.

Skap fred der det er krig, gje dei svoltne mat og hald di hand over dei som er på flukt.

Vern om ditt skaparverk. Lær oss å ta vare på naturen så vi ikkje øydelegg for framtida.

Vi bed for landet vårt, for staden der vi bur (eller byen/bygda), og for alle som har ansvar i samfunnet.

Styrk familiane våre og fellesskapa, lær oss å vera gjestfrie mot framande, og gje alle ein stad å høyra til.

Sjå til dei ulukkelege, einsame og redde, og opna auga våre for andres naud.

Gud, vi bed:

M Bønensvar

Nådige Gud, vi takkar deg for kyrkja, der du møter oss gjennom Ord og sakrament.

Vi takkar deg for dåpen, der du sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus, og for nattverden, der vi tek imot hans kropp og hans blod.

Vi bed for den verdsvide kyrkja. Gje vern til alle som blir forfølgde for si tru.

Lat kyrkja vera eit teikn på håp.

Vi bed for kyrkjelyden. Lat han vera ein stad der vi kjenner oss trygge og finn kvile og kraft.

Gud, vi bed:

M Bønensvar

Gode Gud, du styrkjer oss med Den heilage ande.

Vi takkar deg for konfirmantane.

Vi bed for kvar og ein av dei, og for familiane deira, og venene og fadrane.
Velsign konfirmasjonstida,
og lat oss alle veksa i tru, von og kjærleik.
Gud, vi bed:

M Bønesvar

L/ML Evt.: Vi bed for... (aktuelle bønneemne med lokalt, nasjonalt eller globalt perspektiv)

L/M Gud vi bed:

Bønesvar

Her følgjer Fadervår. Om ein feirar nattverd, bed ein Fadervår under del III Nattverd i liturgien.

Gudstenesta held fram i tråd med den lokale grunnordninga.

Konfirmasjonsgudsteneste med forbøn og velsigning

Konfirmasjonstida blir avslutta med konfirmasjonsgudstenesta. Ein kan feira denne med nattverd.

Konfirmasjon er som hovudregel feira i hovudgudstenesta som kyrkjelyden held på søn- eller heilagdag. Gudstenesta følgjer Ordning for hovudgudsteneste 2019 etter den lokale grunnordninga.

Ved prosesjon kan ein ringja med alle klokkene.

Presten kan bera messehaket. Sjå punkt 1.4. i Reglar for bruk av liturgiske klede.

Påskelyset er tent. Sjå § 3,13 i Reglar for liturgisk inventar og utstyr.

I. Samling

1 | Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys og sitja stille, i ettertanke og bøn.

Klokkeringing

Her eller etter 3 kan følgja Helsing:

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg

Informasjonen blir avslutta med:

ML/L: «Lat oss vera stille for Gud»

Kort stille

Tre klokkeslag

2 | Inngangssalme

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing.

3 | Helsing

Før dei to første alternativa til inngangssord kan liturgen seia: Kjære kyrkjelyd.

L Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

Eller

I namnet åt Faderens og Sonen og Den heilage ande.

Eller

I namnet åt Faderens og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje er gjeven under ledd 1, kan ein gje den her.

4 | Samlingsbøn

Her følgjer *samlingsbøn* med kyrkjeårsvariabelt ledd for konfirmasjon.

5 | Syndsvedkjenning

Følgjer her eller i ledd 16 (kunngjeringar)

6 | Bønrop kyrie

7 | Lovsong gloria

8 | Dagens bøn

Dagens bøn kan utelatast.

For den aktuelle søndagen kan ein i staden be ei av følgjande bønner:

L Anten A

Trufaste Gud, du tok imot oss i dåpen. Du elsker oss, slik ei kjærleg mor og ein kjærleg far elsker borna sine. Styrk oss i trua og lat oss få leva i samfunn med deg og kvarandre; ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.

L Eller B

Evige Gud, du tok imot oss i dåpen. Du svihtar oss aldri. Ver du vår styrke og hjelp gjennom livet, og lat oss få leva til beste for kvarandre; ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den heilage ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.

II. Ordet

Tekstlesing og preike, ledd 9-13 i Ordning for hovudgudsteneste

Ein les éin eller to lesetekstar i tillegg til preiketeksten.

I andre hovudgudstenester enn høgmesse kan det vera to lesingar, eller éi lesing (evangeliet).

Sjå Allmenne føresegner.

Påminning om dåpen

Dette leddet følgjer enten der dåpen til vanleg skjer, eller etter at ein salme er sunge mellom ledd 13 Preike og ledd 14 Truvedkjening. Som hovudregel finn påminninga stad ved døypefonten.

Liturgen eller ein medliturg heller vatn i døypefonten.

L vend mot kyrkjelyden

Kjære kyrkjelyd.

Anten A

I dåpen frelste Gud oss ut or mørkrets makt og gav oss rett til å vera born av lyset. Vi vart kalla til å følgja Kristus og leva livet vårt i samfunn med han. Lat oss difor vedkjennast forsakinga og trua som lydte ved vår dåp.

Eller B

Liturgen eller ein medliturg heller vatn i døypefonten.

L vend mot kyrkjelyden

I dåpen vart vi teikna med det heilage krossmerket. Lat oss minnst vår dåp, der vi vart sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tekne inn i den truande kyrkjelyden.

Her kan liturgen og konfirmantane teikna seg med krossteiknet. Liturg og konfirmantar kan saman seia høgt : «Eg høyrer Jesus Kristus til». Denne symbolhandlinga føreset at konfirmantane er fortrulege med å gjera dette.

Ein kan nytta andre symbolhandlingar i tråd med lokale tradisjonar.

L Lat oss vedkjennast forsakinga og trua som lydte ved vår dåp.

Kyrkjelyden reiser seg.

Alle

Eg forsakar djevelen....

Den apostoliske truvedkjeninga, ledd 14

Kyrkjelyden set seg.

15| Salme

Ein kan syngja salmen alternativt mellom ledd 13 Preike og ledd 14 Truvedkjenning.

16 | Kunngjeringar

17 | Syndsvedkjenning

Kan plasserast her eller som ledd 5.

18. | Forbøn for kyrkja og verda

18 A.| Forbøn for konfirmantane

Her kan det nemnast aktuelle forbøner for familiane til konfirmantane og relasjonane der, for lokalmiljøet og dessutan forbøner som spesielt har med konfirmantane dette året å gjera. Også sjukdom, sorg og andre bønneemne som har med ein eller fleire av konfirmantane å gjera, kan nemnast når det er avtala med vedkomande.

Kyrkjelydssvaret følgjer den lokale grunnordninga.

L Kjære kyrkjelyd

Lat oss takka og be for konfirmantane våre.

Anten *A*

L/ML Kjære Gud, vi takkar deg for konfirmantane. Dei er dyrebare i dine auge. Lat dei henta kraft i di kyrkje. Vis dei at du er å finna i Ordet ditt, i bønna og nattverden. Styrk dei i tru, von og kjærleik. Bevar dei og gje dei visdom og kraft i gode og vanskelege stunder. Du har i dåpen gjeve dei lovnaden om å vera med dei alle dagar. Lat dei vandra i ditt lys og nå det evige målet i ditt rike.

M Kyrkjelydssvar

Eller *B*

L/ML Evige Gud, vi takkar deg for konfirmantane. Du har skapt dei i ditt bilete og har lova å vera med dei gjennom livet. Vi bed deg særskilt for dagen i dag. Lat det bli ein dag der konfirmantane for visst kjenner at dei er verdifulle og elska. Gud vi bed:

M Kyrkjelydssvar

L/ML Herre Jesus Kristus, du er Frelsaren vår og har kalla oss til å elska kvarandre og følgja deg. Vis konfirmantane dine vegar. Høyr dei når dei bed. Møt dei i orda frå deg, i nattverden og i medmennesket på deira veg. Lat dei få leva som tilgjevne og frie menneske til dei når det evige målet i riket ditt. Gud, vi bed:

M Kyrkjelydssvar

L/ML Gode heilage Ande. Du møtte oss i dåpen og har gjeve oss ein heim i kyrkja. Ver nær hos konfirmantane. Gje dei visdom og kraft når livet er godt, og når det er vanskeleg. Lat dei leva i teneste for verda og for kyrkja, i tillit til deg og din nåde. Styrk dei i trua, håpet og kjærleiken. Gud, vi bed:

M Kyrkjelydssvar

Eller **C**

L/ML

Gud vår skapar, vi takkar deg for konfirmantane. Dei er dyrebare i dine auge. Vi bed for framtida deira.

Gje dei håp ved ordet ditt
og styrk dei gjennom den heilage nattverden.

Ver hos dei, også når dei møter motgang. Lat dei oppleva gode fellesskap, der dei får vener som dei kan dela tårer og gleder med. Lat dei sjølv vera ein god ven for andre menneske.

Vi bed for dei som står saman med konfirmantane sine.

Lei oss alle gjennom livet i trua på din nåde, med kjærleik for vår verd og våre medmenneske.

Det bed vi om i Jesu Kristi namn.

L/ML Evt.: Vi bed for... (aktuelle bønneemne i lokalt, nasjonalt eller globalt perspektiv)

L/M Gud vi bed
Kyrkjelydssvar

Her følger Fadervår. Dersom ein feirar nattverd, kjem Fadervår under Del III, Nattverd)

18 B. / Bønesalme/Bønevers

Salme eller anna eigna musikk ved kor eller solist.

18 C. / Forbøn med velsigning for den einskilde konfirmanten

Forbønshandlinga kan knytast til lystenning eller andre enkle symbol.

Liturg

vend mot kyrkjelyden

L Kjære konfirmantar.

Til den kristne trua er de døypte. I den kristne trua er de opplærte. Kom no fram til Herrens altar, så vi kan be for kvar einskild av dykk i Jesu namn.

Konfirmantane går fram slik det er avtalt på førehand og kneler på altarringen.

Bønene blir avslutta med " Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn".

Under desse orda kan liturgen teikna eit krossteikn på panna til konfirmanten.

Anten A

1 Livsens Gud, vi takkar deg for NN. *Ho/han* vart sameina med deg i dåpen. Styrk *NN* med din heilage Ande. Hjelp *henne/han* til å leva i tillit og tru på din kjærleik. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

2 Trufaste Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen vart *ho/han* teikna med krossteiknet. Styrk *NN* med din heilage Ande. Gje *henne/han* ei trygg og tillitsfull tru, og lat di miskunn vera ei kjelde til trøyst og glede. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

3 All nådes Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen kalla du *henne/han* til fellesskap med deg. Styrk *NN* med din heilage Ande. Fyll *henne/han* med livsglede, kjærleik og håp. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

4 Kjærleikens Gud, vi takkar deg for NN. *Ho/han* vart kalla av deg i dåpen. Styrk *NN* med din heilage Ande. Gje *henne/han* kraft til å leva i kjærleik og tru. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

5 Gud som gjev håp, vi takkar deg for NN. Du tok imot *henne/han* i dåpen. Styrk *NN* med din heilage Ande. Ver lys for *henne/han* i mørkret, gjer *henne/han* trygg i trua og bevar *henne/han* i din kjærleik. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

6 Fredens Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen vart *ho/han* teken inn i di kyrkje. Styrk *NN* med din heilage Ande. Hald *henne/han* nær til deg, så *ho/han* kan leva i tru og tillit. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

7 Gud, vår skapar, vi takkar deg for NN. *Ho/han* tok imot nådens vatn i dåpen. Styrk *NN* med din heilage Ande. Gje *henne/han* håp og tru og bevar *henne/han* i din kjærleik. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

8 Evige Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen opna du for *henne/han* eit nytt liv i fellesskap med deg. Styrk *NN* med din heilage Ande. Ta *henne/han* inn i din kjærleik og gje *henne/han* ei tru som ber. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

9 Miskunnsame Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen fekk *ho/han* del i Kristi død og oppstode. Styrk *NN* ved Den heilage ande. Ver med *henne/han* gjennom livet og bevar *henne/han* i trua på deg. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

10 Visdommens Gud, vi takkar deg for NN. I dåpen kalla du *henne/han* til eit liv med deg. Styrk *NN* ved din heilage Ande. Fyll *henne/han* med håp og tru. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

Eller B (Endra bøneforslag med utgangspunkt i 2002-ordninga.)

Liturgen legg handa på hovudet til konfirmanten og bed éi av følgjande bønner:

1 Trufaste Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt). Du tok imot *henne/han* i dåpen. Styrk *NN* ved din heilage Ande og la *henne/han* alltid sjå at *ho/han* er elska av deg. Velsign og bevar *henne/han* i Jesu Kristi namn.

2 Himmelske Far, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) Du kalla *henne/han* gjennom dåpens vatn. Gje *henne/han* kraft i kvardagen. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

3 Gode Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) Du gav *henne/han* det evige livs håp då *ho/han* vart døypt. Bevar *NN* frå alt vondt og lat *henne/han* kjenna at du alltid tek imot *henne/han*. Gje *henne/han* glede ved si tru. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

4 Evige Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) *Ho/han* er dyrebar i dine auge. Bevar *NN* frå alt vondt og ver *hennar/hans* vaktar og hjelpar i dag og alle dagar. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

5 Herre, treeinige Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt). I dåpen vart *ho/han* boren til deg. Ver hos *henne/han* med ditt lys, også i dagar som er mørke. Lat *NN* kjenna at du er nær. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

6 All nådes Gud, vi takkar deg for (namnet bli nemnt). Du som har teke til med di gode gjerning i *henne/han*, fullfør den, heilt til Jesu Kristi dag. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

7 Miskunnsame Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) Du kalla *henne/han* i dåpen til å leva i fellesskap med deg. Vis *NN* det håpet *ho/han* har i deg. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

8 Trufaste Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) I dåpen fekk *ho/han* del i ei kjelde av nåde. Ta *NN* inn den kjærleiken som er sterkare enn våre nederlag. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

9 Livsens Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) I dåpen kalla du *henne/han* ved namn og gav *henne* lovnad om det evige liv. Styrk *NN* ved din heilage Ande til tru og håp. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

10 Allmechtige Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) I dåpen vart *ho/han* kalla til eit liv i tru. Ver med *NN* gjennom livet og lat *henne/han* sjå at din kjærleik er størst av alt. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

11 Nådige, trufaste Gud, vi takkar deg for (namnet blir nemnt) *Ho/han* vart i dåpen teken inn i din kjærleik. Styrk *NN* ved din Heilage Ande og bevar *henne/han* i ei tru som ber gjennom livet. Velsign og bevar *henne/han*, i Jesu Kristi namn.

Etter at alle konfirmantane har vorte bedne for seier liturgen:

Anten A

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! Fred vere med dykk!

Eller B

L Gud har no gjeve dykk si rike velsigning og stadfest lovnaden om å vera dykk nær. Søk han når de bed, i tilbeding og teneste, og i fellesskapen av alle truande. Han styrkje dykk med sin nåde til det evige liv. Fred vere med dykk!

Eller C

L Med Guds velsigning og kyrkjelydens forbøn er de konfirmerte. Må han som tok til med si gode gjerning i dykk, fullføra *henne*, heilt til Jesu Kristi dag. Bli verande i hans kjærleik og i fellesskapen med alle som trur på ham. Han styrkje dykk med sin nåde til det evige liv. Fred vere med dykk!

19. | Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkoffer kan ein samla inn her eller under ledd 20 (førebuing av måltidet), eventuelt under ledd 27 (postludium).

Under takkofferet kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk.

Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

IV. Sending

Gudstenesta blir avslutta i samsvar med den lokale grunnordninga, anten med nattverdfeiring eller med sluttsalme og velsigning.

Her kan følgja musikk ved kor, solist, eller følgjande sluttord:

L Kjære kyrkjelyd.

Anten

Vi er kalla til eit liv i tru. Ved Guds nåde og Den heilage andens hjelp vil vi saman med Kristus og med kvarandre gå framtida i møte.

Eller

Kristus har kalla oss til å leva i tru på hans oppstode og vera hans vitne i verda. Bli verande i hans kjærleik og i fellesskapet med alle som trur på han. Kristus har gjeve oss til kvarandre, han er nær oss i Ordet og bønna, dåpen og nattverden. Lat oss alltid be for kvarandre, og saman med Kristus gå framtida i møte.

Konfirmantene går ut av kyrkja i resesjon, følgde av medliturgar og liturg.